

STATUS

Busetting av flyktninger	Vedtak 2009 -2011	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012	Totalt
Sauda	50	14	25	11	0	50
Suldal	50	14	15	20	1	50
Totalt	100	28	40	31	1	100

Som tabellen ovanfor viser, er vedtaket om totalt 100 busettingar i Sauda og Suldal gjennomført. Dette er ordinære busettingar som skjer via IMDi (integrerings- og mangfaldsdirektoratet). I Suldal har det kome 5 familiar med til saman 17 barn, medan det til Sauda kom 2 familiar med til saman 3 barn ved ordinær busetting. I tillegg til den ordinære/formelle busettinga er det også familiesameiningar, samt familieauke blant dei som bur her. I Suldal er det til no født 7 babyar (og fleire på veg), og det har kome 2 gjennom familiesameining. I Sauda er det født 2 babyar, og det har kome 18 barn og 3 vaksne gjennom familiesameining.

Deltaking og avslutting av introduksjonsprogram (berre vaksne mellom 18 og 55 år har rett og plikt til introduksjonsprogram):

I Sauda starta 14 flyktningar på introduksjonsprogrammet i Sauda (busetting i 2009, oppstart introduksjonsprogram januar 2012), medan det var 8 som starta i Suldal. I Sauda bur 13 av desse framleis i byen; to av dei har starta på Sauda VGS, ei har fødselspermisjon, og dei resterande 10 er enten i arbeid, i ferd med å få seg jobb eller skal starte utdanning. I Suldal bur alle framleis i byen; 1 er i arbeid, 3 er i permisjon (2 av dei startar utdanning til hausten) og dei andre skal starte utdanning til hausten eller søker arbeid.

I 2010 busette me 40 flyktningar. I Sauda starta 25 på introduksjonsprogrammet; 20 av desse er framleis på introduksjonsprogrammet, medan ein har byrja på Sauda vidaregåande skule og 4 har flytta frå Sauda for arbeid i andre byar. I Suldal starta 10 personar på introduksjonsprogrammet. Alle bur her framleis og deltar i programmet. Nokre har søkt VGS.

I 2011 busette me 31 flyktningar. I Sauda starta 8 på introduksjonsprogrammet, og alle deltar framleis på dette. I Suldal starta 14 på introduksjonsprogrammet. 2 har permisjon, resten er i programmet.

I 2012 busette me 1 flyktning i Suldal, som no har starta introduksjonsprogrammet.

Hovudvekta av dei som kjem er frå Somalia og Eritrea, men også Sudan, Etiopia, Irak og Iran er representert. Det er også ei viss overvekt av menn.